

KOMMENTAR TIL MERKNADER I HØYRINGSRUNDEN
DETALJREGULERINGSPLAN FOR SØRA SUNDET, GNR 30 BNR 687 M.FL. Knappskog
Nasjonal arealplan-ID 20180001

I samband med offentlig ettersyn kom det inn tre merknader, ein frå private og to frå offentlege instansar. Frå Staten vegvesen kom det motsegn mot planen.

Oppsummering av merknader/motsegn	Vurdering/kommentarar frå rådmannen
<p>Statens vegvesen Statens vegvesen har motsegn til planframlegget som legg opp til auka trafikk i dagens kryss Fv. 661/kommunal veg, utan at det er tatt omsyn til at trafikkmengda på fylkesvegen er meir enn dobla sidan 1989. Statens vegvesen rår i frå at ein går vidare med planarbeidet. Dersom ein likevel vel å gå vidare med reguleringsarbeidet må planområdet utvidast og krysset må regulerast på nytt i tråd med gjeldande krav i handbok N100. Planføresegnene må ha med seg eit rekkefølgekrav knytt til utbetring av krysset før tiltak innanfor planområdet kan setjast i gang.</p>	<p>Krav om ny regulering av vegkrysset, saman med rekkefølgekrav om opparbeiding før igangsettingstillating, vil vere ein vesentleg kostnad som ikkje samsvarer med utbyggingsvolumet planen legg opp til.</p> <p>I dialogmøte med SVV og Fylkesmannen 19. august vert det signalisert at motsegna kan trekkast dersom det ikkje er tvil om at dette naustområdet berre skal brukast av bebuarar i nærområdet. I revidert plan er parkeringsareal f_SPP tatt ut av planen. Rådmannen meiner at denne løysninga hindrar bilbasert bruk av området på ein bra måte, slik at det ikkje vert auka trafikk i dagens kryss Fv.561/kommunalveg. SVV er samd i at endringa imøtekjem motsegna og har no trekt denne.</p>
<p>Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune skriv at det ville vore ei føremon om ein sette av areal til fellesnaust og –slipp for mindre båtar/kajakk ol. i f_SK eller #1. Dei har ikkje avgjerande merknader knytt til kulturminne og kulturmiljø.</p>	<p>Rådmannen er samd i at det burde vore etablert eit fellesnaust innanfor planområdet. Eit fellesnaust hadde vore ei god løysing for å gjere strandsona meir tilgjengeleg for fleire. Tiltakshavar har ikkje ønskje om fellesnaust og meiner det vert ei uklar ansvarsfordeling når det gjeld tryggleik, drift og vedlikehald. Tiltakshavar meiner at løysninga om seksjonering av nausta er ei betre løysning enn fellesnaust, då ansvaret vert klarere. Rådmannen meiner ikkje at seksjonering av naust er ei betre løysning, men er samd i at seksjoneringa gjer at fleire får moglegheit til tilgang til naust og strandsona. Rådmannen vil derfor ikkje stille krav om etablering av fellesnaust.</p> <p>Slipp eller båtopptrekk er ikkje ønskja av forslagstillar. Rådmannen vil heller ikkje stille krav om dette, då det er fleire slike moglegheiter i nærområdet.</p>
<p>Fylkesmannen i Vestland Fylkesmannen vurderer etablering av småbåtanlegg i sundet som særlig uheldig ut</p>	<p>Område for parkering og småbåtanlegg er teken ut av planområdet. Planen samsvarer dermed med dei tilrådde endringane frå</p>

<p>frå strandsoneverdiane, landskap og friluftsliv. Eit småbåtanlegg er heller ikkje i samsvar med overordna plan. 19.08.19 hadde fylkesmannen eit dialogmøte med kommunen, før utsending av ei samordna fråsegn. Fylkesmannen oppfatta at det var semje om at dersom kommunen tek område for parkeringsplass og småbåtanlegg ut av planen, vil ikkje planframlegget lenger gje grunnlag for motsegn frå Fylkesmannen og Statens vegvesen. Inntil vidare gjev ikkje Fylkesmannen motsegn i saka, men legg til grunn at Fylkesmannen får høve til å vurdere motsegnsspørsmålet på nytt om kommunen tek saka opp til sluttbehandling utan dei tilrådde endringane.</p>	<p>dialogmøtet.</p>
<p>Arne og Torbjørn Landro Viser til referat frå eit møte mellom forslagstillar, plankonsulent og planavdelinga i kommunen 5/12-2018 der det ikkje vart sagt noko om redusering av talet på naust. Dei meiner at planen gjev allmenta god tilkomst, og at plass for allmenta til ferdsel og opphald ved strandsona er god nok sjølv om det vert ført opp 10 naust. Dei vil derfor be om at det tiande naustet vert teken inn att. Til gjengjeld kan dei tilby at området regulert til felles kai (f_SK) vert utvida sørover. Det er gjort ei avtale med eigar av bruk 564 om at breidde på kaifront i nord skal utvidast til 6,5 meter. Resten av det arealet som var regulert til naust (BUN1) kan då leggjast til arealet for f_SK og gangveg f_SGG3 kan leggjast inn igjen.</p>	<p>Til 1. gangsbehandling vurderte rådmannen at ålmentas tilgang til strandsonen ikkje var godt nok ivaretatt. Rådmanen meiner at det er viktig å sikre at kaien vert inviterande, ope og tilgjengeleg. Difor var det lagt inn eit innstillingspunkt i saka om at ta ut naustet heilt i sør for å sikre siktlinjer og tilgjengelegheit. Dette vert samrøystes vedtatt i KPU 02.04.2019. Fylkesmannen har sjølv etter denne endringa vert kritisk til ålmentas tilgang til sjø og friluftsliv i strandsona. Det er heller ikkje kome inn andre opplysningar eller gjort endringar som tilseier at naustet kan takast inn igjen. Rådmanen meiner difor ikkje at det er høve til å ta dette naustet inn i planen igjen.</p>